

Til Alver kommune
Postboks 4
5906 Frekhaug

Samtykke-erklæring i samband med søknad om frådelling til uendra bruk av tomt

Underteikna grunneigar av gbnr. 418/11 i Alver kommune er godt kjend med den søknaden som Per-Sigmund Villanger i desse dagar sender inn til Alver kommune om frådelling til uendra bruk av ein tomt under gbnr. 418/11.

Søknaden hans gjeld frådelling av ein tomt som i 1967 var skylddelt som tiltenkt tilleggstomt til gbnr. 418/25 (hyttetomt) som Per-Sigmund Villanger no eig. Frådelling av tilleggstomten vart stogga av kommune/fylke i 1967, men gjennom ein kjøpekontrakt av 1968 fekk Sigmund Villanger, dåverande eigar av gbnr. 418/25, rett til tilleggstomten.

At retten til tilleggstomten gjennom kjøpekontrakten med det vart endra, har til denne dag ikkje vore til noko slags hinder for drifta av gbnr. 418/11, korkje når det gjeld tilkomst til driftsbygning eller den praktiske nytteverdien av arealet, og heller ikkje kva gjeld ferdslø forbi området. Ut frå mi beste vurdering vil det naturlege no vere at den aktuelle tilleggstomten vert delt frå hovudbruket og tillagt gbnr. 418/25, slik det i praksis (om ikkje formelt) har vore gjennom 55 år.

Eg stadfester med dette at eg på alle måtar støttar opp om og gjev mitt samtykke til den nemnde søknaden.

Villanger, 6/5-23

Med vennleg helsing


Per Bjørkhaug
Nordre Villanger 40
5937 Bøvågen